



Felles Landbrukskontor ÅLA

Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:
20/353-17

Arkiv
K2-K40

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Dato
13.06.2020

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal kommune 2020

Kort samandrag:

Ny bestandsplan for hjort i perioden 2020-22 vart vedteke våren 2020. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga for hjort. Målet er at det skal fellast 550 hjort denne hausten, med fordeling beskrevet i bestandsplanen. Det er gjeve 780 fellingsløyve for hjort i 2020. Dei valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort kan bruka av fellingsløyva gitt for 2021 og 2022, og også flytta løyve mellom valda. Grunna CWD-problematikken er det ein offensiv tildeling av fellingsløyve på elg, med ei kvote på 60 løyve. Det er kun eit godkjend rådyrvall i kommunen, dette har eit årleg løyve på rådyr.

Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2020:

- 1 fellingsløyve på rådyr
- 60 fellingsløyve på elg
- 780 fellingsløyve på hjort

Lærdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort og elg. For elg er avviket 50% for alle valda. For hjort er avviket ulikt, jamfør den godkjende bestandsplanen for hjort. Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §16 tillet Lærdal kommune at alle valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort, kan nyitta alle tildelte fellingsløyve i planperioden uavhengig av år for å få ein høgare felling i starten på planperioden.

Saka er vurdert etter naturmangfoldlova.

Vedlegg:

Lærdal elgvall_2020

Lærdal rådyrvall 2020

Lærdal løyvetildeling hjort 2020 - vald med bestandsplan

Lærdal løyvetildeling hjort 2020 - vald utan bestandsplan

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Naturmangfoldlova

Saksutgreiing

Påvisninga av skrantesjuke på villrein i Nordfjella sone 1 legg framleis premissane for hjorteviltforvaltninga i området. Lærdal kommune skal meir enn halvvera bestandane av hjort og elg for å forebyggja spreieing avsjukdommen. Tilgjengeleg talmateriale antydar at Lærdal kommune har redusert bestanden av hjort med om lag 35%. For elgbestanden har me lite kunnskap om utviklinga, men tilbakemeldingar frå jegerar og grunneigarar er at det er mykje elg i fjella, trass auka felling dei siste to åra.

Vurdering

Lærdal kommune vedtok ny bestandsplan for hjort i sak 114/20 den 4. juni 2020. Vurderingar om bestandsstorleik og utvikling kan ein lesa her. Her er også vurderingane etter *Naturmangfoldlovas §§8-12* gjort. Målsetjinga i vedteke plan er ei ytterlegare reduksjon i hjortebestanden, mot målet om ein lågare tettleik enn halve storleiken av 2016-nivået.

Konkret er det eit mål om 550 felte dyr i kommunen i 2020, 450 felte dyr i 2021 og 350 felte dyr i 2022. Planen tek føre seg tildelingane til valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort. Her vert også ønskt fordeling av fellingsane beskreve. Dei valda som ikkje er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort, får årleg, målretta tildeling av fellingsløyve frå kommunen. Lærdal kommune har teke utgangspunkt i bestandsplanen ved tildeling av fellingsløyve til valda som ikkje er medlem. Det er lagt til grunn same minsteareal (same avvik frå det forskriftsfesta minstearealet, jamfør §7 *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*) og same fordeling på fellingsane/tildelingane. I vedlegga ligg det oversikt over tildelingane til alle valda, både dei som er medlem i bestandsplanområdet og dei som ikkje er medlem.

For tildeling av fellingsløyva på elg, er også omsynet til bestandsreduksjon i høve CWD-problematikken det rådande argumentet. Lærdal kommune ser det difor som formuftig å tildela høge kvotar også i år. Lærdal kommune nyttar §7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minsterarealet med 50% for alle elgvalda.

Tal fellingsløyve for hjort er redusert ein god del i forhold til siste planperiode (2018-19). Det vert no tildelt 780 fellingsløyve årleg. For å nå målet om 550 felte dyr, kan det i nokre vald kanskje vera trond for å nytta nokre løyve frå 2021 og 2022 hausten 2020. Lærdal kommune ser det difor som formålsteneleg at det er ubegrensa høve til å flytta fellingsløyve mellom år for valda som er medlem i bestandsplanområdet, jamfør *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §16.

Det vil også vera sentralt å følgja med på fellingsane utover hausten, både i høve tal fellingar, men også fordeling av desse.

Rådmannen tilrår at Lærdal kommune, med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, tildeler følgjande fellingsløyve i 2020:

- 1 fellingsløyve på rådyr
- 60 fellingsløyve på elg
- 780 fellingsløyve på hjort

Oversikt over tildeling til dei ulike valda er å finna i vedlegga.

